

B-01

## NABOVARSEL

Lindås kommune

Byggesaksavdelinga

**Telefon**  
+47 56 57 00 70  
**Fax**  
+47 56 57 00 71  
**E-postadresse**  
post@abo-ark.no  
**Webadresse**  
www.abo-ark.no  
**Postadresse**  
Postboks 291, 5203 Os  
**Besøksadresse**  
Hamnevegen 53, 5200 Os

Os, den 06.09.2017

### GJERVIKFLATEN – GNR. 188, BR.5.

### SØKNAD OM UTVIDA MIDLERTIDIG DISPENSASJON FOR LAGERHALL PÅ GJERVIKFLATEN FOR SØDERSTRØM BLOMSTER OG HAGESENTER AS

På vegne av Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS blir det med dette søkt om utvida midlertidig dispensasjon fra arealdelen i kommuneplanen og den generelle byggegrensa mot Ev 39 til lagerhallen som står på Gjervikflaten.

#### Bakgrunnen for søknaden:

Søderstrøm Blomster og Hagesenter driv i dag i leidt lokale i Knarvik, ca 1 km. frå Gjervikflaten.

Eigaren av Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS, KT og OPI Invest AS, har kjøpt eigedomen gnr. 188, bnr 5 i Gjervik. Det har vore søkt om oppstart av reguleringsplan for eit område lengst vest på eigedomen – Gjervikflaten, til oppføring av nytt hagesenter. Plan- og miljøutvalet i Lindås gjorde i møte den 06.04.2013 følgjande vedtak:  
*I medhald av plan- og bygningslova § 12-3, gjev plan- og miljøutvalet ikkje løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid for del av gnr/bnr 188/5, Gjervikflaten.*

*Søknaden om oppstart av reguleringsplanarbeid vert å rekne som eit innspel til oppstart av arbeidet med rullering av kommunedelplanen for Knarvik-Alversund.*

Tiltakshavaren har innfunne seg med vedtaket og viser til rulleringa av kommunedelplanen som no er starta opp. Plasseringa av lagerhallen på Gjervikflaten er ei svært tenleg plassering av lageret for hagesenteret i Knarvik. Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS søker difor om å få utvida løyve til å ha lagerhallen ståande i nye to år til kommunedelplanen er vedteken i Lindås kommunestyre.

Det vert søkt om utvida midlertidig dispensasjon for oppføringa av hallen. Søknaden vert fremja fordi arealet og plasseringa er spesielt høveleg for Hagesenteret som framleis kjem til å vera lokalisert i Knarvik til arealdisponeringa på Gjervikflaten er avklara.

#### Plassering av lagerhallen:

I vedlagde situasjonsplan blir det søkt om å få midlertidig dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel sidan dette arealet er i nemnde plan er disponert til LNF-føremål.

I tillegg vert det søkt om dispensasjon fra det generelle byggeforbodet langs E 39 som i dag er 50 meter fra midten av vegen. Lagerhallen er plassert 35 meter fra midten av vegen slik dette er godkjend i tidligare byggeløyve. Denne plasseringa vil ikke ha negative verknader på siktforholda i avkjørselen på Gjervikflaten.

#### Avkjørsel til E-39

Det vert søkt om å nytta noverande avkjørsel fra E 39 som i dag ligg like aust for den planlagde lagerhallen – jfr. vedlagde situasjonsplan.

Trafikken til og fra lagerhallen vil vera avgrensa til levering av varer med større køyrety som kjem langs E 39. I tillegg vert det noko nyttetrafikk i samband med at varer skal hentast på lageret og kørast fram til utsalsstaden i Knarvik og vise versa.

Det er ikke aktuelt å nytta lageret eller noko av eigedomen til utsal av varer før dette er heimla i reguleringsplan og byggeløyve for dette.

Utforminga av lagerhallen og byggehøgde blir som før.

Med helsing  
ABO Plan & Arkitektur

*Bjørn-Atle Drange*  
Bjørn-Atle Drange  
Tlf.: 920 68 841

% Vedlegg: Situasjonsplan datert 06.09.2017

Kopi sendt: Statens vegvesen, Region Vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger

*Eventuelle merknader skal vera motteke innan 2 veker etter at dette varselet er sendt.  
Ansvarleg søker eller tiltakshavar skal sende alle mottekne merknader til Lindås kommune  
og gjøre greie for om merknaden er teke omsyn til eller ikke.*

*Merknader skal sendast til ABO Plan & Arkitektur, Hamnevegn 53, 5200 OS eller via e-post til bjorn-atle@abo-ark.no.*